



VALDRES.NO » KVA SKJER

TIPS EIN VENN

Kva skjer? »

Språk/language:



Dagens
Valdres-uttrykk
«Møint»
Vanskeleg

Siste nytt frå VALDRES

[Ny uavkjort for Valdres FK](#)

KVA SKJER?

SJEKK I KALENDEREN »



I denne kategorien:

Siste nytt →

Nyheitsarkiv →

Kalender →

Vêr og kamera →

Høyrd 'jete noko?'

TIPS OSS!

Valdres i media:

08/08 Adresseavisen →
Dampende dramatikk07/08 Aftenposten →
Lager teater av
kiosklitteratur07/08 Avisa Valdres →
Dansende trollvinne06/08 Regjeringen.no →
Mat: Potetens år markeres
brett i Oppland05/08 Avisa Valdres →
Smelte til med 100 poeng04/08 Avisa Valdres →
Over for denne gang

Med liggesykkel gjennom Valdres



Synleg sak: Velomobilen til Anders Løberg viser godt i trafikken. Som maur i forhold til tunge trailarar er det ein ubetinga fordel. Foto: Nils Rogn

Skrevet av: Nils Rogn | Publisert: 8. august 2008

Ein underleg farkost dukka opp langs E 16 i månadsskiftet. Med utsjånd som ein racerbilforma Ola-bil, førar under ein plexiglaskuppel, solcellepanel på panseret og lysande orange lakk, vekte han nysgjerrigheita til både medtrafikkantar og portalskribentar.

Det viste seg å vera Anders Løberg som var på veg frå Lillestrøm til Bergen i velomobilen sin. Han forsikra om at all framdrift kom av rå muskelkraft. Her var ingen skjult motor og solcellepanelet var berre til lys på sykkelen. Ja, for det var visst eigentleg ein sykkel. To hjul framme og eitt bak og med pedalar, kjede og gir. Giret var visst heilt spesielt, eit Mountain drive planetgir med utveksling på 2,5. Framme kunne ein veksle mellom 65-26 tenner, bak 11-34. Med andre ord ein lett sykla sak som blir styrt av spakar.

Lettsykla

Løberg kunne fortelje at speedometeret hadde synt 100,6 km/t på turen – ein god nedoverbakke – medan marsjfarten gjerne låg på 35-45 km/t. Nettovekta på velomobilen var 25 kg. Med telt, oppakning og ein førar på vel 70 kg, vart totalvekta på vel 110 kg. Tre dagar rekna Løberg med å bruke på turen som hadde gått om Lillehammer. Han måtte også sykle over fjellet mellom Lærdal og Aurland, men det var ingen problem forsikra han.



Kontaktskapande: - Folk strøymar til overalt der eg ferdast og vil både sjå og prate. Det er berre moro, meiner Anders Løberg. Foto: Nils Rogn



Campingliv: Frukost med posemat på stormkjøkken. Foto: Nils Rogn

Miljøvennleg

Men så var han også ein sprek 43 åring. Med pulsklokke og kjørecomputer held han styr på det meste. På det jamne låg han på 80% av makspuls. I varmen vart det mykje sveiting, ventilasjonen vart for dårleg. Difor vart helst kvelden og natta brukt til å sykle. – Dette er ein kjemperfint og ikkje minst miljøvennleg feriebil, meinte Løberg. – Eg brukar han også til jobben kvar dag. I Bergen regnar det mykje, men her har eg tak over hovudet, smiler han.

Alternativ til bil

Velomobilen vart kjøpt i Danmark for 75 000 kroner i november 2007. – Eg bytta ut bilen og har ikkje angra på det enno. I sommar var me forresten på sykkeltur i Lofoten, eg i denne og dei to gutane mine på vanlege syklar. Ein liten tilhengar tok hand om bagasjen. Perfekt ferie, forsikrar han. Mykje vedlikehald er det visst heller ikkje med farkosten. Hjula er punkteringsfrie, to 20 tommars dekk framme og eitt på 26 tommars bak. Og eigenplukka wunderbaum – kjærleiksurt – sikrar at sveitteleukta ikkje plagar for mykje.

Webtv

Anders Løberg har i tre år arbeidd med informasjon i Miljøvernforbundet, men er no på veg attende til film og tv. Han var med og starta opp det første webtv i Norge i 1997, og frå hausten blir det liknande arbeid i [Gaia Studio](#) på Askøy. Dei produserte forresten Margits Saga for NRK1 i fjor, ein dokumentar om høgst aktuelle Margit Sandemo. Sjølv har velomobilen til Løberg vore i fokus i eit innslag i Norge Rundt.

- Få med at eg er sponsa av ein liten miljøprodusent, Lanopro, og at [velomobil.no](#) er ei fin nettside å gå inn på, seier Løberg i det han svingar ut på vegen att.

Kilde: [www.valdres.com](#)